



Prosjekt: 2775



## PLANINITIATIV

Detaljreguleringsplan for del av gnr. 83, bnr. 2.

# STEINTAK EIDE

Kommune Kvam herad

Forslagsstillar:

Elisabeth Eide Haugstad,  
Eidesvegen 30,  
5620 Tørvikbygd  
[eide.haugstad@outlook.com](mailto:eide.haugstad@outlook.com)

Dato: 22.06.2023

## **INNHALDSLISTE**

<b>1</b>	<b>PREMISSE FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>1</b>
A.	Formål med reguleringa.....	1
B.	Planområdet .....	2
C.	Verknader utafor planområde .....	2
D.	Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak .....	6
E.	Utbygging volum og byggehøgder .....	6
F.	Funksjonell og miljømessig kvalitet .....	6
G.	Tiltakets verknad på, og tilpassing til landskap og omgjevnadar:.....	6
I.	Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet: .....	10
J.	Kva for råka offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart:...10	
<b>2</b>	<b>KRAV OM KONSEKVENSUTGREIING .....</b>	<b>12</b>
	Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven:.....	12

## 1 PREMISSE FOR PLANARBEIDET

### A. Formål med reguleringa

Føremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for vidare utak av stein/grus med tilhøyrande infrastruktur innanfor føreslått plangrense.



Fig.1: Lokalisering på Ljoneshalvøya, ved Hardangerfjorden, på Eide i Tørvikbygd

## PLANINITIATIV

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

### B. Planområdet

Planområdet er på 85 daa og sentralt på nordenden av Ljones-halvøya, på Eide i Tørvikbygd.. Delar av område er dyrka og delar av området er nytta til uttak av stein også i dag. Utmarka var tidlagre nytta til beite men er i dag ikkje nytta til i gardsdrifta. Området ligg som nokre kollar mellom dalsøkk og strekk seg frå kt. + 59 – kt. + 109.




Fig. 2: Skissert planområde.

### C. Verknader utafor planområde

Trafikk:

Utbygging av planområdet vil føra noko auka trafikkmengd gjennom tunet på Eide og på avkjøringa til fylkesvegen. Samla er trafikkmengda på avkjøringa frå fylkesvegen i dag vurdert til å ha ein årsdøgntrafikk (ÅDT) 22,6 turar. Ved utvida drift av steintaket er auken berekna ÅDT på 1,7. Totalt med alle fastbuande, gardsbruk, butikkutsal og steinuttak, er ÅDT rekna til 24,3.

Innsyn og støy:

Ingen nærmere i luftline enn Augastad (som ligg over 1 km luftline frå området) kan sjå uttaksområdet. Det vil verta noko støy i periodar med knusing. Knusing skjer i haust- og vinterhalvåret.

## PLANINITIATIV

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

### Natur:

Utmarksområdet har knaus og mykje furuskog med gras og blåbær. Det er myr i randsona til reguleringsområdet. Utmarka/utmarksbeite har dei siste 30 åra ikkje vore i bruk som beite pga. låg bonitet og ein del skrentar og stup gjer området det ueigna til beite for storfe.



Fig. 3: Utmarksområde. Myr, knaus og mykje furuskog med blåbær. Foto: Geoplan



Fig. 4: Fjell i dagen, eksisterande uttaksområde og dyrka areal til grasproduksjon. Foto: Geoplan



Fig. 5. Spor etter brannøving. Foto: Geoplan



Fig.6: Spor frå køyring i terrenget.

**PLANINITIATIV**

*Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad*



*Fig. 7. Dronefoto av området som ein ønskjer regulere teke i 2023. Foto: Sondre Eide*



*Fig. 8. Flyfoto av området 2017. Foto: Norge i bilder (Hardanger 2017)*

**PLANINITIATIV**

*Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad*



*Fig. 9. Flyfoto av området 2020. Foto: Norge i bilder (Vestlandet 2020)*

kart



*Fig. 10. Flyfoto av området frå 2022. Foto: Norge i bilder (Hardanger mellombels 2022)*

## *PLANINITIATIV*

*Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad*

### **D. Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak**

Gardsbruket på Eide har mjølkeproduksjon, eggproduksjon og driv med grøn omsorg. Produksjon og sal av knuste massar har dei siste åra vore ei viktig tilleggsnæringspå garden.

Det er teke ut stein i samband med fjøstomt. Fjellet består for det meste av gneis, med innslag av kvarts. Kvaliteten på dei massane som er teke ut er godkjend for alle typar vegdekke. Grusen og pukken har dei siste åra vore nytta på nesten alle vegar og tomter mellom Mundheim og Vikøy.

Det er ønskje om utak og knusing haust og vinter. Ein planlegg leige inn mobil knusar. Det er tale om å senke kollane i terrenget 20 - 35 meter til dei møter dalsøkka.

### **E. Utbygging volum og byggehøgder**

Etter uttak av stein skal terrenget korrespondere med eksisterande landbruksteig inne på reguleringsområde. I nordaustleg kant ønsker ein eit uttak der ein tek omsyn til og møte eksisterande myrdrag på ein måte som ikkje tørkar ut myra. Nyvunne terrenget etter uttak vil verta tilrettelagd for grasproduksjon, i same stil som eksisterande anlegg.

### **F. Funksjonell og miljømessig kvalitet**

I dag er området som ein vil ta ut stein i frå, eit karrig utmarksområde. Det er låg bonitet. Området har mykje hjort og flått som er smitteberarar av borelia. På same måte som ved tidlegare uttak vert arealet omdanna til bruk for landbruksdrift.

### **G. Tiltakets verknad på, og tilpassing til landskap og omgjevnadar:**

Tiltaket skal utførast slik at det ikkje vert ståande igjen store skjeringar og brot men at ei tilpassar seg dei naturlege dalsøkka rundt kollane.

Det må gjerast studiar på naturmangfald og tilpassing av uttaket til landskapet i randsonene.

## PLANINITIATIV

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

### H. Forholdet til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplanar og retningsliner, og pågående planarbeid:

Kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2030, vedteken 08.10.19 gjeld.

Planområdet ligg som LNF område med omsyn til natur. Delar av området er så bratt at det er har omsynssone for ras og skred.




Fig. 11: Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel.

#### Regulering:

Området er ikkje regulert. Det er to reguleringsplanar i nærleiken ein hytteplan og regulering av offentleg veg. Avkjøring frå offentleg veg til omsøkt regulering er regulert og utbygd. Naboplanar er som følgjer:

- PlanID 20040011 Reguleringsplan for Rv.49, parsell Innstranda – Tørvikbygd profil 30000 - 3750 vedteken i Kvam heradsstyre 14.12.2004, avgjerd hjå fylkesmannen 04.07.2005
- PlanID 19850005, Reguleringsplan for gnr. 83, bnr. 12 Korsvik og gnr. 83, bnr. 11, Eide i Kvam, vedteken 22.11.1984

Vi kjenner ikkje til pågående planarbeid i området.

**PLANINITIATIV**

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad




Fig. 12: Reguleringsplan kollasj. Kjelde: Kvam herad kart.

## PLANINITIATIV

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad




Fig. 13: Reguleringsplan for Rv.49, parsell Innstranda. Kjelde: Kvam herad kart.



Fig. 14 og 15: Sikttilhøve i avkjøringa frå fv.49. Foto: Geoplan

## PLANINITIATIV

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

### I. Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet:

Det er fleire kulturminne registrert på Eide. Ingen er i nærleiken av omsøkt reguleringsområde.




Fig. 16: Registrerte kulturminne i området. Kjelde: kulturminnesøk.no

### J. Kva for råka offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland Fylkeskommune
- Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Vegvesenet?
- Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
- Naturvernforbundet i Kvam
- Kvam Energi Nett AS?
- Tørvikbygd Grendeutval
- Andre?

### K. Prosessar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynder, grunneigarar, festarar, naboar og andre råka:

Vanleg lovpålagd prosess, jf. pbl. § 12–8 Oppstart av reguleringsplanarbeid. Oppstart av reguleringsarbeidet skal varslast i avisar og med brev til alle naboar og råka fagmynder. Det vil då vera moglegheit til å koma med spørsmål og innspel til planarbeidet.

*PLANINITIATIV*

*Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad*

**L. Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne verta ivaretekne:**

Det vert vurdert at planforslaget ikkje er i tråd med gjeldande kommuneplan for Kvam herad, det må difor vurderast om konsekvensutgreiing for planområdet er naudsynt, når det gjeld endra arealbruk på område for landbruk, natur og friluftsliv.

## **2 KRAV OM KONSEKVENTSUTGREIING**

### **Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven:**

Når området ikkje er i tråd med kommuneplan skal det vurderast om tiltak får vesentlege verknader for miljø og samfunn. Ved vurderinga av om ein plan kan få vesentlege verknader skal tiltaket sin storleik, plassering eller eigenskapar, samvirke med andre gjennomførte, vedtekne og planlagde tiltak, og omfang av verknad, kompleksitet, varigheit, frekvens og reversibilitet vurderast.

I dette tilfellet vil ein endre eit landskap vesentleg, ein vil og ta ut stein i eit område som er naturleg utmark i dag. Over tid vil ein endre det naturlege terrenget og omgjere det til landbruksareal for grasproduksjon. Perioden for uttak kan gå over tiår, men delområder kan ferdigstilla etter kvart. Dette vil føre til endringar i den lokale naturen. Området er ikkje nytta til friluftsliv. Vi vurderer det til at tiltaket lokalt vil ha vesentlege verknader for natur og landskap. Det skal gjerast naturundersøkingar som vil gje oss ein nærmare peikepinn på naturverdiane i området. Med dagens kunnskap om området, kan ein ikkje sjå at inngrepa vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn utover der inngrepet vert gjort på Eide.

Om ein vurderer det til at det skal gjerast KU ser vi at planarbeidet kjem inn under Forskrift om konsekvensutredninger, vedlegg II.

Ber om at kommunen vurderer om kva kapittel som er aktuelt i dette tilfelle. Slik vi ser det står det mellom følgjande paragrafer i forskrifta:

#### **1. JORDBRUK, SKOGBRUK OG AKVAKULTUR**

- a) Prosjekter for omstrukturering av jordeiendommer.
- b) Prosjekter for bruk av uoppdyrkede landområder eller delvis naturlige områder til intensivt landbruk, herunder nydyrkning på mer enn 50 dekar. Også mindre tiltak skal behandles etter kapittel 5 og 6 dersom det ikke kan utelukkes at tiltaket kan få vesentlige virkninger for naturmangfold eller andre viktige miljøhensyn.

#### **2. UTVINNINGSINDUSTRI**

- a) Mineraluttak, herunder torvskjæring.

Jf. KU-forskrifta § 8 a) skal reguleringsplanar for tiltak vedlegg II ikkje ha planprogram.

Jf. KU-forskrifta § 21 skal konsekvensutredninga identifisere og skildre faktorane som kan verta påverka og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn.

## PLANINITIATIV

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

Vi ønskjer ein gjennomgang med Kvam herad på aktuelle tema. Følgjande tema er i første omgang vurdert til å vere aktuelle eller ikkje:

Tema	Aktuelt eller ikkje
Naturmangfald, jf. <a href="#">naturmangfoldloven</a>	Aktuelt lokalt. Korleis vil det påverke naturmangfaldet i nærliggande landbruksområde og naturområde.
Økosystemtenester	Aktuelt å finne meir ut om økosystema lokalt
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	Aktuelt
Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje kjende kulturminne eller kulturmiljø med vesentleg verdi
Friluftsliv	Lokalt ikkje eit område som vert nytta til friluftsliv. Mykje flått med borelia-smitte.
Landskap	Aktuelt – Endrar landskapet lokalt. Vil få lite påverknad i det store landskapsrommet og ikkje verta synleg frå Hardangerfjorden, lokalvegen eller frå busetnaden i nærlieiken.
Forureining (utslepp til luft, inklusiv klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	Aktuelt å finne ut av avrenning frå området.
Vassmiljø, jf. vannforskriften	Ikkje aktuelt
Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar	Aktuelt å sjekke ut resursar i fjellet.
Samisk natur- og kulturgrunnlag	Ikkje aktuelt
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Ikkje aktuelt
Beredskap og ulykkesrisiko	
Verknader som følge av klimaendringar, inkludert risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred	Ikkje aktuelt
Befolkinga si helse og helsa si fordeling i befolkninga	Ikkje aktuelt
Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Ikkje aktuelt
Barn og unges oppvekstvilkår	Ikkje aktuelt
Kriminalitetsforebygging	Ikkje aktuelt
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	Ikkje aktuelt

Omtalen skal omfatta positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsigtinge og langsiktige verknader. Sama verknader av planen eller tiltaket sett i lys av allereie gjennomførte, vedtatt eller godkjente planer eller tiltak i influensområdet skal også vurderast.

Har kommunen ein mal for KU som de ønskjer at vert nytta?